

NATURVERNFORBUNDET I VESTNES

NVE

nve@nve.no

NVE – Konsesjonsavdelingen
Postboks 5091, Majorstua
Oslo 1

09.08. 2013.

FRÅSEGN – SØKNAD OM LØYVE TIL Å BYGGE SESSELVA KRAFTVERK I VESTNES KOMMUNE.

Naturvernforbundet i Vestnes ynskjer å vektlegge at ei vassdragsregulering av omsøkt storleik vil utgjere eit irreversibelt inngrepsnivå som kjem til å påverke eit sjeldant fint naturområde med høge referanseverdier på ein uheldig måte. Vår oppfatning er att ei potensiell vassdragsregulering i området vil kome til å redusere ei rekkje naturfaglege og naturhistoriske verdier som i ein slik samanheng må sjåast på heilheitleg. Slike vurderingar vi difor prege denne fråsegna.

Me vil vidare påpeike kulturminneverdier, friluftsliv, samt opplevingsverdi og reiselivspotensiale i høve til området. Spesielt ber me NVE om å sjå på søknad i høve til § -3 og § - 8 i Naturmangfoldloven, som i dette tilfelle må seiast å gripe tydeleg inn i høve til omsøkt vassdragsutbygging.

Biologisk mangfald:

Fossesprøytsona ved Sakselidfossen er tidlegare undersøkt i høve til biologisk mangfald. Det samme gjeld det rike plantelivet på ugjødsla slåttemark i Sakselia nær Hoemselva og Sakselidfossen. Sesskraft sin naturfaglege rapport påpeiker desse verdiane, men ikkje på ein utfyllande måte. Vår lokalkunnskap og faunaobservasjonar tilsvarar fleire artar som må reknas som sårbare enn kva denne rapporten har makta å fange opp. Vidare er det utarbeidd rapportar om slåttemarka og det botaniske mangfaldet i området gjennom Fylkesmannen si Miljøavdeling på 1990 og 2000 – talet. Me syner og til registreringar i naturdatabasen. Naturvernforbundet i Vestnes vil i denne samanhengen påpeike at området er interessant når det gjeld vegetasjonssoner i landskapet. Slik me ser det er ikkje den naturfaglege utgreiinga til Sesskraft grundig nok i høve til å sannsynleggjere skadeverknad på dyre og fugleliv samt vegetasjon i og ved fossesprøytsona ved ei regulering.

Når det gjeld pattedyr og fuglelivet i omsøkt influensområde er det basert på vår lokalkunnskap att Sesskraft sin vedlagte rapport vert spesielt mangelfull. Ein indikatorart på reint livsmiljø er fossekallen som me via fleire befaringar har sett i hekketida nær Sakselidfossen og ved Hoemsfossen nær Hoemssætra. Ei vassdragsregulering av omsøkt karakter vil påverke elveøkologien på ein slik måte att typiske byttedyr for fossekall i form av akvatisk levande larvar og anna botndyrfauna vil komme vekk, eller få sterkt redusert bestand grunna regulering av vassstrengen og ujamne temperaturtilhøve i vatnet. Dette er erfaringsbasert kunnskap gjort frå ei lang rekkje utbygde vassdrag opp gjennom åra.

I tidsrommet mellom 2007 – 2013 har me utover den nemte fjellvåken i Sesskraft si naturfaglege utgreiing sett fleire artar som må takast med i ei sårbarheitsvurdering i ein slik samanheng. Dvergfolk kan trekkast fram. Strandsnipe og grønspekk er og observert fleire gonger i området ved Sakselia og Sakselidfossen. Området grensar til liknande naturgeografiske område som utgjer gode levehabitat for kvitryggspetten, som har hovudbestand i Europa i vestlandsfylka. Kvitryggspett er observert i nabobygda i juni 2013. Det er og ved to tifelle sett oter som er ein anna raudlisteart i nedre delar av Sesselva. Hiområda og ynglestad for arten er ikkje kartlagt i noko naturdatabase for omsøkte vassdrag eller i naturfagleg utgreiing i høve til omsøkt tiltak.

Vintererle vart observert ved strykparti nær Sakselidfossen våren 2011. Om dette var eit ungt individ på streif eller om fuglen var i ferd med ei mogleg etablering av hekkerevir er vanskeleg å seie. Naturvernforbundet i Vestnes er av den oppfatninga att arten moglegvis kan hekke på staden sett i samanheng med seinare års observasjonar langs vassdrag i Skorgedalen og på Ørskogfjellet i naboområde til Daugstad og Sakselia med Sakselidfossen (Liafossen). I slike høve vil grundigare naturfaglege undersøkingar og eit føre – var prinsipp vere rett innfallsvinkel. Me viser her på ny til lova om naturmangfald som sett føringar om betre konsekvensutgreiing enn kva utbyggjar si naturfaglege undersøking i dette tilfellet gjer. I lova er og prinsippet om å bruke føre var - prinsippet heimla.

Sakselidfossen som potensiell turistoppleving og landskapestetisk dimensjon:

Regulant er tydeleg på i sin rapport att 2 / 3-delar av vatnet i Sakselidfossen vert ført vekk som ein konsekvens av reguleringa. Slik fossen framstår fritt rennande er den utvilsamt den mest karakteristiske fossen i Vestnes kommune som kan sjåast hengande over landskapet mellom fjorden Tresfjorden og skogkledde lier samt høgfjell. På låg vassføring om sommaren er fossen framleis eit markant innslag i landskapet, og ved omsøkt reguleringsplan vil denne eineståande verknaden i landskapsmessig forstand bli kraftig redusert i rein opplevingsverdi. Sakselidfossen eit panoramabilete for den som er busett i austlege og midtre delar av kommunen og den utgjer eit uforløyst potensiale for fleire reiselivsbaserte firma i regionen.

Samfunnsøkonomiske undersøkingar knytta til reiseliv syner at den ”moderne” turisten har ei dragning retta mot det naturlege og opprinnelege, og gjerne i ein kombinasjon mellom naturopplevingar og kulturhistorie. Dette området har mykje av slike verdiar innafor sitt areal. I tillegg er det ei lang rekkje immaterielle kulturminne i desse utmarksområda som ikkje kan lausrivast frå det landskapet og dei naturelementa dei høyrer heime i. Som reint naturelement har knappast Vestnes kommune noko meir spesielt og verdefullt å vise fram enn nettopp Sakselidfossen og landskapet som den er ein del av livsåra. Området er ein referansestad for den førmoderne bruken av naturressursane sett i samband med tidlegare utmarksbruk og

folkeliv knytta til arbeidsfelt og tradisjonar. Det vakre landskapet har Sakselidfossen som det mest særmerkte elementet. Den er blodåra som bind det heile saman.

Friluftsliv og naturhausting:

Området har fine kvalitetar frå høg fjell til skoglia når det gjeld opplevingsverdi i samanheng med fysisk aktivitet og naturhausting. Fiskeressurssane i vassdraga som er omsøkt er rett nok ikkje av stor betydning, men i nedslagsfeltet for desse vassdraga lenger inne i fjellområda som grensar til Måndalen i Rauma kommune på fjellet er det fleire gode fiskevatn.

Naturopplevingar i høve til fuglar og dyr kan vere ei stor oppleving for den enkelte som ferdast i naturområda. Ein må sjå på Sakselia med stor artsrikdom av planter, Liafossen som landskapselement med fossesprøytzone og bekkekløft, og Hoemsdalen med fjellsetra Hoemssetra samt Sessdalen og Sessetra som eit naturhistorisk område som synleggjer tydeleg det førmoderne jordbruket si rolle innan naturhausting og ressursforvaltning på ein bærekraftig måte.

Dagens friluftsbukar vil kunne oppleve sjeldan kulturmark, samt relativt lite påverka seterstølar og seterbuar i samanheng med moglegheita for å studere fauna eller å drive med aurefiske på fjellvatna og rypejakt i fjella. Her kan ein sjå rovfuglar, hakkespettar og nasjonalfuglen fossefall, samt fleire orkideartar og prestekrage og blåklukkeeng på same turen, omgjeven av mektige naturinntrykk via høgste fjell. Det er denne heilheita som er det mest spesielle i området og visst ein grip inn i ei slik heilheit får ein fragmentert beståande verdiar og difor opplevingsverdien til den enkelte fjellvandraren som ferdast der.

Dei store moglegheitene for friluftsliv satt inn i ei kultur og naturhistorisk ramme er sjeldan å oppleve i denne regionen. Den relativt låge graden av inngrep både i omsøkt influensområde samt i andre delar av dalen tilsvarar ei restriktiv haldning til å tillate store inngrep i området. Liafossen, Sessdalen og Hoemsdalen med tilhøyrande naturverdiar og vidstrakte område frå skog til høg fjell fortener å få framstå vidare slik landskapet har gjort opp gjennom tida. Det fleirfaldige verdigrunnlaget for bruk av området, samt Sakselidfossen som bærnde landskapsdimensjon langs Tresfjorden er meir verd enn den reint økonomiske verdien av ei utbygging.

I framtida vil slike område mest sannsynleg bli meir og meir verdefulle som nære rekreasjonsområde for lokalbefolkninga og som undervisningsstad i felt. Eller som nye satsingsområde opp mot økoturisme og gardsbaserte opplevingar av kortreist karakter. Utover vårt samfunn sin måte å måle nytteverdi på er her dei naturfaglege verdiane for store til å skiplast. Naturvernforbundet i Vestnes meiner att dette er det mest verdefulle naturområdet i Vestnes kommune av noko storleik, og vil av hensyn til ålmenta sine behov og mangfaldet av naturtypar og biomangfald tilrå at ein ikkje gir konsesjon for noko form for vasskraftutbygging i området. Me gjer merksam på att Naturvernforbundet i Vestnes kjem til å påklage ein eventuell konsesjon.

Naturvernforbundet i Vestnes
Bernt Gjelsten

